



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
ved Svein Arne Skuggen Hoff og
Torbjørn Hasund

Leikanger 27.05.2016

Tillegg til søknad, SFFK, KMD - midlar til prosjekt og drift av FNF Sogn og Fjordane.

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane (FNF) er eit samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjonane i Sogn og Fjordane. Formålet med FNF er å styrke organisasjonane sitt arbeid med å ivareta natur- og friluftslivsinteressene i aktuelle saker og planer. Blant dei viktigaste oppgåvene er å gje innspel til store arealkrevjande prosjekt, regionale planar, interkommunale og kommunale planar. Dette kan gjelde alt frå folkehelsesatsing og kommunale planer for fysisk aktivitet til naturforvaltning og saker som har konsekvens for naturmangfald og friluftsutøving.

De frilivillige natur- og friluftslivsorganisasjonane skil seg frå andre frivillige organisasjonar då nær sagt alle typar arealendringer og inngrep kan ha påverknad på organisasjonane sitt virke. FNF organisasjonane sitt engasjement i saker og planer knytt til naturområde har også stor allmenn verdi.

Medverknad – krav og forventningar i lovverk, direktiv og frå Regjering

Fylkeskommunen sin støtte til FNF bidreg til at breidda av frivillige natur- og friluftslivsorganisasjonar får høve til reell medverknad. Uten det koordinerande arbeidet og kompetansen som FNF-sekretariat og -styre kan bidra med, ville det vere vanskelig for de fleste organisasjonane sine medlem å bidra inn i høyringsprosessane slik de skal og har rett til i høve til bla. plan og bygningsloven, vassdirektiv og Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (KMD 12/6/15).

Reell medverknad i regionale planer og mange av de store arealkrevjande sakene ville ikkje vere mulig for de frivillige organisasjonane uten FNF-samarbeidet. Sjølv om utfordringane er store og aukande, kan FNF med ein felles tilsett koordinator og eit regionalt styre som administrerer samarbeidet, utrette ein god del. De største organisasjonane har sine frivillige og nokre få tilsette som har opparbeida kompetanse og klarer å sette til side litt tid til å bidra spesielt i høyringsprosessane. Men, dei fleste har ikkje slike ressursar i same grad. Gjennom FNF-arbeidet sørgjer vi for at kompetanse kommer alle organisasjonar, store og små, til gode og at innspel frå dem blir tatt med i felles uttalar. FNF koordinator hjelper også de mindre og mellomstore organisasjonane med å bidra i medverknadsprosessar på andre måtar.

KMD – Prosjektmidlar til Nærings- og samfunnsutviklande tiltak.

Nettverksarbeid ut mot organisasjonane i fylket innan natur- og friluftsliv og kultur- og friluftsliv. Viser til søknad og utfyllande tekst om regionale forvaltningsmidler.

FNF søker SFFK om kr.180.00,- til nettverksarbeid retta mot organisasjonane innan natur-, kultur- og friluftsliv.

KMD – Midlar til drift av FNF

FNF er eit strategisk verktøy som bidreg til auka deltaking frå sivil sektor; frivillige organisasjonar innan natur-, kultur- og friluftsliv i regional og kommunal planlegging. FNF skal styrkje organisasjonane i aktuelle saker i fylket, i deira samarbeid og bidra til å løyse ut økonomi som bidreg til at dei i auka grad bidreg i regional og kommunal planlegging og planprossessar.

FNF søker SFFK om kr. 180.000,- til drift av FNF i Sogn og Fjordane til å dekke utgifter ved møter, synfaringer og kompetansehevande tiltak regionalt. Vi vil gjerne påpeke at storparten av støtten til FNF tildeles av Miljødirektoratet. Det er bare rimeleg at Fylkeskommunen bidreg med ein del for å sørge for at arbeidet vert prioritert i heile fylket. Vi setter stor pris på støtta vi har fått så langt.

Med venleg helsing

Elisabeth Dahle
Forum for natur og friluftsliv
Koordinator

Marino J. Ask
Styreleiar FNF Sogn og Fjordane